



Arkitekt Mette Kyed Thorson

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1640 - 18/16920

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

28.05.2018

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - Avkøyrsløype - gbnr 100/13

Tiltak: Avkøyrsløype
Byggjestad: Gbnr: 100/13 Vabøvegen 50
Tiltakshavar: Kenneth Hodneland
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

Delegasjonssak nr.: 263/18

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg ved søknad om etablering av tilkomstveg til hytte. Søknaden er datert 28. april 2018, postmottak mottatt 14. mai 2018.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om avkøyringsløype frå kommunal veg i samband søknad om etablering av avkøyrsløype og veg til hytte. Vegrett er tinglyst med breidde 2,5m (år 1955) men for at tømmebil skal få tilkomst vert det søkt om 3m breidde på veg. Det ligg ved ein erklæring om rett i fast eigedom, der heimelshavar gir rett til etablering av 3m veg og parkering/snuplass på gbnr 100/13. Vegen skal i tillegg kunne nyttast som tilkomstveg til landbruksarealet på kvar side av vegen. Avtalen vert tinglyst etter at oppmåling er utført ved ferdigstilling.

Vurdering/drøfting:

Sikt og svingradius er vist med 4x50m og er innanfor krava for personbil.

Avkøyrsløype kjem ut vis a vis eksisterande «møteplass» på eit rett strekk på Vabøvegen. Denne møteplassen/oppstillingsplassen er ikkje asfaltert. Avkøyrsløype er tenkt etablert der det er tilkomst til landbruksarealet i dag. Denne er etablert eit stykke frå vegen gjennom grind festa på portsyler.

Samandrag/konklusjon:

Situasjonskartet syner at avkøyrsløype er innanfor dei krav kommunen har til avkøyrsløype for personbil.

Sida det allereie er etablert tilkomst til landbruksarealet på staden, må landbruksavkøyring frå den nye vegen ligge tilsvarande slik den er etablert i dag.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til ny avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100 og Lindås kommune si vegnorm. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kenneth Hodneland

Vabøvegen 166 A 5955

LINDÅS

Trine Pedersen Hodneland

Vabøvegen 166 A 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson